

Årsmelding Treungen IL 2023

2023 har også vore eit aktivt år i Treungen idrettslag. Om lag 130 born og unge frå kommunen deltek i organisert aktivitet i laget gjennom fotball og ski. Treungen IL har også varierte treningstilbod for vaksne med spinning, zumba, fotball, volleyball og innebandy. Totalt blir det ti treningsgruppetilbod i løpet av ei veke.

Eit av høgdepunkta dette året var Skuggenatten opp og NM i motbakkeløp.

Me hadde også eit J17 lag med på Norway cup. At Treungen har eit 11'er lag i klasse J17 er me veldig stolte av. Alle lag fekk i år nye fotballdrakter. Det vart også bestilt nye overtrekkesdressar til alle som er med på fotball og ski. Nytt av året er også nytt vatningsanlegg til fotballbanen.

Treungen idrettslag har nå 330 registrerte medlemmer.

Styret har vore: Roy Åge Homme (leiar), Unni Løken (nestleiar), Morten Solberg, Nils Tveit, Hild Riseth Fjone, Julia Trontveit Vik, Geir Ufs og Elin Fjalestad. Me har hatt 5 styremøter.

Aktivitetar

Skøytegruppa: Det vart også i år gjort eit forsøk på å lage skøyteis på banen. Sesongen vart ikkje så lang før mildvêret tok isen.

Ski: Det har vore vekentlege treningar på Gautefall Biathlon kvar tysdag. Det var ein lang og fin skisesong med godt føre og mykje snø. 35-40 ungar har delteke. Det er med fleire små som er under skulealder, og elles elevar til og med 9. klasse. Gruppa har vore delt i tre. Det blei ikkje arrangert Telenorkarusell med dei andre grendene i år, men eit renn saman med Drangedal IL. Nokon deltok også i Vest-Telemark skikarusell. Gruppa jobba hardt for å rekruttere fleire vaksne trenarar med i gruppa og fekk med fleire nye. Det var sesongavslutning med premieutdeling på klubbhuset. På slutten av året fekk alle medlemmene nye skidressar og trenarane fekk vinterjakker.

Alpingruppa: Bakken blei rydda og preparert tidleg på vinteren. Det var bra oppmøte desse dagane og mange kosa seg i bakken. Sesongen vart dessverre kort. Like før påske rauk også tauet.

Fotball:

Fotballstyre dette året har vore Bente Meyer, Gjermund Rygh og leiar Geir Ufs.

Frå våren av i 2023 hadde Treungen IL åtte aldersbestemte fotballag; G/J 8 år (to lag), G10, G12, J12, G13, J15 og J17. (Ca 110 barn totalt, frå heile kommunen). Det var ikkje problem med å skaffe trenarar til laga, ein stor takk til den frivillige innsatsen dei gjer!

J17 spela i Norway cup, og kom til A-sluttspølet, men gjekk ut i fyrste kampen der. Uansett; flott innsats. Det same kan ein seie om J15; om hausten var det truleg fyrste gong i historia at eit lag frå Treungen spela i 1. divisjon/pokalserien.

Anna å nemne:

* Me hadde vårmøte med teknisk i kommunen, mellom anna kom me med ynske om nytt vatningsanlegg. Og jammen klarte teknisk å finne pengar til anlegget. Vidare ordna teknisk gjødsel som frivillige i fotballgruppa spreia for hand på grasbanen. Me hadde også bruktdag same dagen som spreinga, og dugnad på idrettsbanen.

* Frivillige tok seg mellom anna av robotklypparen, merking av banen og vatning gjennom sesongen.

* På årsmøtet i Treungen IL mars-2023 fekk fotballstyret godkjent eit budsjett som hadde med investering i nye fotballtrøyer til alle åtte laga. Det blei kjøpt totalt 111 trøyer, inkludert til målvaktene. Nummereringa på utespelartrøyene var frå 2 til 99. (Fyrste trøyene som blei bestilt var til J15 og J17, men dei kom aldri fram til Treungen ... Kvar trøyene har blitt av veit framleis ingen i skrivande stund, men me slapp å betale for dei – blei ei sak mellom leverandør og Posten.) Fekk to andre draktsett tidsnok til seriestart for J15 og J17.

* Det blei svært gode tilbakemeldingar frå næringslivet i kommunen om å sponse nye overtrekksdressar innan fotball (og ski). (Styreleiar fekk fullmakt av hovudstyret til å skaffe sponsorar innan fotball og ski). Med så mykje sponning blei målet nådd om å ha ein pris på bare 300 kr pr stk, slik at flest mogleg kunne ha høve

til å skaffe seg dress. Resultatet blei 98 overtrekksdressar innan fotball (og 38 innan ski). Trenarane fekk dressane gratis. Vidare var det nok sponsorpengar til å kjøpe 28 gode vinterjakker fordelt på vaksne innan fotball, ski og hovudstyret. I tillegg fekk alle fotballspelarane høve til å ta imot både gratis svart shorts og gult sokkepar (i tråd med tradisjonsfargane til Treungen IL, fotball).

* Styret hadde fleire møte saman med trenarane i fjor, eit viktig innslag.

* Sist haust hadde fotballkretsen (Tore Aaland) domarkurs for åtte gutar frå 8. og 9. klasse i Treungen. Dei og andre fotballspelarar dømte kampar på heimebanen for dei under 13 år, kjempebra.

* Styreleiar deltok på kretsens sonemøte i Høydalsmo i november. Eit viktig møte med oppsummering av fotballsesongen. Treungen IL gav i møtet fleire tilbakemeldingar, mellom anna at somme bylag synest å ha utfordring (!) med å kome til kamp i Treungen. Kretsen og fleire fotballklubbar rosa på møtet Treungen for å ha mange jentespelarar frå 13 år og oppover!

Spinning: Spinninggruppa har i år hatt tilbod om 2-3 timar i veka. Ingunn og Torgeir har morgonspinn onsdagar med sosial kaffeprat etterpå. Geir har hatt onsdagsspinn på ettermiddagane delar av året Mandag har Herdis hatt full time plussdropin. Spinninga er framleis populær. 17 sykklar totalt.

Zumba: I 2023 har det vore to treningar i veka. Ti personar har delteke fast i gruppa, i tillegg har det vore nokon på dropin-timar. Det er også med ein liten gjeng frå Åmli.

Volleyball: Har spilt ein gong i veka. Ti personar har vore med. Tre ungdomsskulelevar har deltatt.

Fotball oldboys: speler ein gong i veka, ute på sommaren og inne i hallen på vinteren. 8-10 kvar gong. Det var med mange 10. klassegutur på vårsesongen.

Klatring: Det har ikkje vore nokon aktivitetar i regi av Treungen idrettslag dette året.

Innebandy: Det har vore fast trening ein gong i veka, med ei gruppe for menn og ei for kvinner.

Skuggenatten Opp: Skuggenatten Opp vart arrangert for tolvte gong i 2023. Og dette året var det NM. 154 personar stilte i konkurranseklassa, og over 100 i trimklassa. Det var tredje gong Treungen IL arrangerte NM i motbakkelop. Og gjengen bak løpet har nå bestemt seg for å avslutte. Derfor må me ha med ei lita oppsummering i årsmeldinga:

Skuggenatten Opp vart fyrste gong arrangert i 2010. Då var det 70 deltakarar med. Interesse for motbakkelop var aukande på denne tida, og i Treungen vart 2015 eit toppår. Då var det NM og 500 påmeldte i konkurranseklassa. Arrangørane hadde håpa på 1000 deltakarar denne dagen, men mange lot seg skremme av vêret. Denne dagn snødde det på Skuggenatten. Også i 2018 var det NM. Under pandemien i 2020 og 2021 vart løpet avlyst. Seinare har interessa for motbakkelop vore dalande. Rennleiar Olav Nilsen fortel at det i løpet av dei tolv åra med Skuggenatten Opp er 2300 som har starta i konkurranseklassa. Og om lag 1500 i trimklassa. Han meiner 40- 50 frivillige har vore med i arrangørgruppa, dei aller fleste har vore med over fleire år. Olav har i alle år vore primus motor. Han kallar det eit eventyr.

Styret i Treungen IL vil takke alle som på ulikt vis deltek inn i laget vårt. Dei som tek på seg trenaroppgåver, styreverv og stiller opp på dugnad. Takk også til alle sponsorar og til Nissedal kommune for godt samarbeid.